



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Oppdraget frå arkitektkontoret Helen & Hard, var å konstruere ei hytte med golvflate på ca 15m² omkring kun ein trestamme. Dette var svært komplisert då stammen i begge hyttene, har diameter under 30 cm ca. 1m over bakken, og ville knekke i vinden om vi heldt treet fast ved golvnivå ca 5-6 m over bakken. Ei anna utfordring var å finne ei løysing slik at treet kunne halde fram med å vekse i minst 25 til 30 år til. Det var viktig at treet fekk halde fram med å bevege seg for å bli sterkare, og at transport av sevje ikkje vart hindra. Løysinga vart å nytte eit stålør som går tvers gjennom hytta utanpå trestammen. Stålørret har ein diameter på 50 cm (som tilsvarar ca 30 år forventa vokst av treet). Dette vart delt i to og skrudd saman utanpå stammen. Røret har 2 festepunkt til treet i nedre del, og er soleis ein «utkragar» vidare oppover. Dei avstivande bardunane, gangbrua og øvrig konstruksjon av hytta er då festa til stålørret. Ein opererer med to typar bardunering; sommar- 2 bardunar og vinter – 5 bardunar.

Byggherre:	Woodnest, Odda, www.woodnest.no
Oppdrag:	Konseptfase, forprosjekt, anbud / detaljprosjekt
Fagområde:	RIB
Stad:	Odda – Ullensvang kommune
Areal:	2 x 15 m ² BTA
År:	Ferdigstilt september 2020